



Arkivnr: 2014/15734-25
Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik, David Aasen Sandved

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		10.05.2016
Fylkesutvalet		19.05.2016
Fylkestinget		14.06.2016

Statusrapport museumsplanen 2012-2015

Museumsfeltet er eit viktig politikkområde for Hordaland fylkeskommune. Fylkeskommunen har ei aktiv satsing, prioritering og oppfølging gjennom *Regional plan for museum 2011-2015, Musea i samfunnet*. Frå og med 2016 er museumsplanen ein del av *Premiss: Kultur, Regional plan for kultur 2015-2025*.

Ei målretta satsing har vore mogleg med museumsplanmidlar. Fylkestinget har i åra 2012-2015 løyvd til saman 10,1 mill. kr til oppfølging av museumsplanen. Denne saken inneheld ein samla, overordna gjennomgang av satsingane i åra 2012-2015, og er ei oppfølging av fylkestinget sitt vedtak i PS 20/2015:

«Endeleg statusrapport for museumsplanmidlane for åra 2012 til og med 2015 vert lagt fram i sak for fylkestinget våren 2016».

Statusrapporten i denne saka har same form som dei årlege statusrapportane som har vore til handsama i fylkestinget saman med handlingsprogram for museumsplanen, men gir i tillegg ei oversikt over endringar, utvikling og løft i sektoren som står i direkte samanheng med oppfølging av museumsplanen. For å vise storleiken på sektoren, har ein nytta talmateriale frå Kulturrådet sin årlege statistikk. Meir bruk av talmateriale for å belyse og forklare utviklinga med utgangspunkt i museumspolitikken, vil krevje analyse og innhenting av data. I samband med evaluering av museumsreforma som etter planen skal starte opp i 2016, og det arbeidet som Kultur- og idrettsavdelinga har starta med å samle og få fram statistikk på kulturfeltet, inkludert museum, vil ei analyse av utviklinga basert på talmateriale bli presentert for fylkestinget i løpet av 2017.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget ser at ei prioritering av tiltaka i museumsplanen har gjort det mogleg å få fram målretta satsingar og felles løft innan einskilde område på museumsfeltet.
2. Fylkestinget sluttar seg til arbeidet som Kultur- og idrettsavdelinga har starta med å finne gode måltal for utviklinga innan feltet, slik at statistikk for museumsfeltet vert lagt fram for fylkestinget i samband med evaluering av museumsreforma i løpet av 2017.
3. Fylkestinget vil fortsetje arbeidet med målretta satsingar gjennom ein aktiv museumspolitik og museumsplanmidlar for å løfte fellessatsingar og utvikle dei økonomiske rammevilkåra.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
Kst. fylkesdirektør, kultur, idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 25.04.2016**Om museumssektoren i Hordaland**

Museumsfeltet er eit viktig politikkområde for Hordaland fylkeskommune. Fylkeskommunen har ei aktiv satsing, prioritering og oppfølging gjennom *Regional plan for museum 2011-2015, Musea i samfunnet*. Frå og med 2016 er museumsplanen ein del av *Premiss: Kultur, Regional plan for kultur 2015-2025*. Museumsplanen har vore retningsgivande for museumspolitikken i 4 år, og det er naturleg at ein no gir ein meir samla presentasjon av status.

I Hordaland er det ti konsoliderte museumseiningar. Desse er: Bergens Sjøfartsmuseum, Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum, Baroniet Rosendal, Bymuseet i Bergen, Sunnhordland museum, Museum Vest, Hardanger og Voss museum, KODE – Kunstmuseene i Bergen, Museumssenteret i Hordaland, Olav H. Hauge-senteret.

Til saman er dei konsoliderte musea arbeidsplass for meir enn 300 tilsette, dei forvaltar vår kulturhistoriske arv med nær 400 000 registrerte gjenstandar og 500 kulturhistoriske bygg. Dei gir oss nye formidlingsopplevingar med 150-200 utstillingar kvart år, i tillegg til ulike arrangement og formidlingsopplegg til mellom anna skuleklassar.

Tabellen under viser samla tal for besøk, gjenstandar og tilsette åra 2011, 2012, 2013 og 2014. Olav H. Hauge-senteret er ikkje med i desse tala. Dette har samband med at senteret opna først i 2014. I tillegg gir statistikken samla tal for Nynorsk Kultursentrum som Hauge-senteret er ei avdeling under. Dei offisielle tala for 2015 er ikkje publisert enno.

Nokre nøkkeltal for dei konsoliderte musea 2011-2014

År	Besøk	Gjenstandar	Tilsette
2011	648 804	364 511	315
2012	645 072	362 871	314
2013	660 855	373 781	308
2014	642 213	376 218	306 ¹

Kjelder: Kulturrådets statistikk for 2011, 2012, 2013 og 2014.

Variasjon i besøkstal har fleire forklaringar. Været i sommarmånadane og den totale turiststrømmen til Noreg kan vere avgjerande for kor mange som kjem på besøk. Som eksempel kan ein vise til Museum Vest som i 2014 hadde færre besøkjande enn året før. Dette har direkte samband med at Norges Fiskerimuseum var stengt i samband med ombygging og arbeidet med ny basisutstilling. Museet opna igjen for publikum 1. juni 2015. Innhenta tal frå 2015 viser at Museum Vest har hatt ei kraftig besøksauke frå 2014 til 2015, frå rundt 100 000 besøkjande til 165 000. Opning av ny basisutstilling og ANNO-effekten etter NRK-serien i Schøtstuene og Det hanseatiske museum våren 2015 er noko som ligg bak den store veksten.

Kulturrådet har i sin statistikk for 2014 besøkstal attende til 2005. Ser vi på utviklinga i besøk frå 2009 til 2014 under eitt for dei konsoliderte musea, er det ei auke med meir enn 50 000 besøkjande totalt. Skal ein analysere musea si rolle i høve samfunnet, vil til dømes avisoppslag, debattinnlegg, kartlegging av ulike arrangement og utstillingar, treff på heimesida, tilgjengelegheit

¹ Endring i tal på tilsette kan ha samband med at barnevernsverksemda ved Hardanger og Voss museum vart lagt ned.

gjennom opningstider etc., vere viktig å få med, i tillegg til besøk. Nokre av desse tala vil vere mogleg å hente ut frå offentlig statistikk, men ikkje alle.

I samband med arbeidet med museumsplanen i åra før 2011 vart det gjort eit overslag med omsyn til kor store drifts- og investeringsbehov var. Desse viste eit totalt investeringsbehov på 825 mill. kr og auke til drift på 109 mill. kr i planperioden.² Tiltak 1 i museumsplanen har hatt fokus på drift og investering. Utviklinga i fylkeskommunen sitt driftstilskot åra 2011 til 2015 har vore slik:

	2011	2012	2014	2015
Driftstilskot til dei konsoliderte musea	39 172	42 466	46 256	48 015

Kjelder: Hordaland fylkeskommune sitt årsbudsjett 2011-2016

Tal for investering og drift vil vere viktig å innhente i det arbeidet som Kultur- og idrettsavdelinga no skal i gang med. Musea har gjennom fleire av Hordaland fylkeskommune sine tilskotsordningar moglegheit til å søke om prosjektmidlar. Eit arbeid vil til dømes vere å hente tal frå dei ein-skilde tilskotsordningane. I 2015 kom Olav H. Hauge-senteret inn på museumsbudsjettet med 711.000 kr. Frå 2011 til 2015 har musea såleis fått ei samla auke i driftstilskotet på 8,1 mill. kr. (20,8 prosent). Frå 2015 til 2016 var driftstilskotet uendra.

Løyving til oppfølging av regional museumspolitik gjennom museumsplanmidlane er eit viktig og heilt naudsynt bidrag til felles satsingar som elles ikkje hadde blitt realisert innan musea sine eksisterande budsjett. Museumsplanmidlane har vore eit insentiv til regionalt samarbeide om prosjekt og oppgåver for å finne gode løysingar saman, med andre ord oppgåver som musea aleine ikkje vil ta fatt på utan at oppgåva er del av ein regional strategi og kulturpolitikk. Slike fellessatsingar kjem i tillegg til dei behov det ein-skilde museum har for å løyse eigne utfordringar og løft. Arbeid med basisutstillingar og vedlikehald av bygningar er døme på område der det ein-skilde museum står overfor store økonomiske utfordringar.

Tabellen under viser Fylkestinget si løyving til oppfølging av museumsplanen i planperioden 2012-2015:

2012	2013	2014	2015
2 mill. kr	2 mill. kr	2,1 mill kr.	2 mill kr
	2 mill. kr. tilleggsløyving Fylkestinget sak 23/13		

Om museumsplanen

Hovudoppgåvene til musea er knytt til dei fire f-ane: *Forvaltning, forskning, formidling og fornying*. Den regionale museumspolitikken er i samsvar med den nasjonale, samstundes som den tar opp i seg regionale særtrekk, utfordringar og satsingar. Musea er kunnskapsinstitusjonar. I regional plan for musea vert samfunnsansvaret og samanhengen mellom dei ulike oppgåvene som høyrer inn under musea, uttrykt mellom anna slik:

² Sjå høyringsutkastet til museumsplanen 2011-2015, s. 19.

Å ha tolkingsnøklar til fortida gjev makt, og med den følgjer ansvar for musea til å ta del i den kritiske offentlegheita med spørsmål om fortid, samtid og framtid.

Musea er til for alle. Kunnskapen må gjerast tilgjengeleg og vere premiss for forminga av samfunnet.

Gode samlingar er eit fundament for god formidling, og eit grunnlag for musea si kritiske dialog med samfunnet. Ein føresetnad for høg standard i både samlingsforvaltning og formidling, er forskning og kunnskapsutvikling.

I utgangspunkt omfatta planen 46 tiltak. Desse vart redusert til 36 i 2014 i samband med Fylkestinget si handsaming av handlingsprogrammet (sjå PS 6/2014). Dette var eit uttrykk for at planen var omfattande, slik at det var viktig å sjå realistisk på kva som let seg gjennomføra. Tiltak som var samanfallande eller kunne sjåast i samanheng vart slått saman, tiltak som var gjennomført eller tiltak som ikkje var klar for realisering i løpet av planperioden, vart tatt bort.

I åra 2012-2015 har ni tiltak hatt status som særleg prioriterte:

Tiltak 1 Finansiering - drift og investeringar

Tiltak 5 Styrking av regionale ansvarsmuseum

Tiltak 8 Styrking av tematisk ansvarsmuseum

Tiltak 14 Utvikling av kulturminnevern, bygningsvern og fartøyvern

Tiltak 20 Etablering av Senter for industriarkiv og industrihistorie i Odde

Tiltak 32 Felles plan for samlingsforvaltning

Tiltak 34 Forskingssamarbeid mellom Universitetet i Bergen og dei konsoliderte musea

Tiltak 36 Etablering av hardingfelesenter

Tiltak 42 Musea i samfunnsdebatten

Løyving til *tiltak 14 Utvikling av kulturminnevern, bygningsvern og fartøyvern* kjem i tillegg til museumsplanmidlane. Dette er midlar knytt til budsjettposten *museumssamarbeid med kommunane* i Kultur- og idrettsavdelinga. Midlar går til satsing på bygningsvernkonsulentar ved dei regionale ansvarsmusea. Ordninga med delfinansiering av slike stillingar mellom fylkeskommunen, musea og kommunane starta på 1990-talet, og har vore eit førebilete for resten av landet. Bygningsvernkonsulentane har oppgåver knytt til rådgjeving og kompetanseoppbygging i kommunane, og er bindeledd mellom museum, frivillige og kommunar. I den fylkeskommunale satsinga med kulturminneplanar i kommunane har bygningsvernkonsulentane ei viktig oppgåve. Ein har til no slike faste stillingar ved Sunnhordland museum, Bymuseet i Bergen, Museumssenteret i Hordaland og Hardanger og Voss museum. Museum Vest og Sunnhordland museum har i museumsplanperioden hatt bygningsvernkonsulentar som prosjektstillingar. Ein er i gang med evaluering for mellom anna å sjå på moglegheit for å harmonisere ordninga og tilpasse den betre til musea og kommunane sine nye behov og utfordringar.

Planen har også hatt eit særleg fokus på fire tema med utgangspunkt i historia og samfunnsutviklinga i Hordaland. Dette er område som musea i Hordaland tar mål av seg å fronte særskilt både i nasjonal og internasjonal samanheng: *kystkultur, industri, kunst og immateriell kulturarv*.

Politisk handsaming av museumsplanen

I løpet av åra 2012-2015 er *handlingsprogram* og *statusrapport* for museumsplanen handsama i følgjande saker:

- Fylkesutvalet sak 282/2012
- Fylkestinget sak 7/13
- Fylkestinget sak 6/2014

- Fylkestinget sak 20/2015
- Fylkestinget sak 11/2016.

I tillegg er fordeling av museumsplanmidlar på institusjon og oppfølging av museumsplanen presentert i følgjande saker:

I 2013:

- Kultur- og ressursutvalet sak 64/13 Fordeling av museumsplanmidlar på institusjon
- Kultur- og ressursutvalet sak 92/13 Disponering av overskot – museumstiltak
- Kultur- og ressursutvalet sak 133/13 Fordeling av museumsplanmidlar til utstillingsprosjekt.

I 2014:

- Kultur- og ressursutvalet sak 57/2014 Olav H. Hauge-senteret – tilknytning til museumsfeltet og museumsplanmidlar
- Kultur- og ressursutvalet sak 87/2014 Fordeling av museumsplanmidlar for 2014 på institusjon.

I 2015:

- Kultur- og ressursutvalet sak 51/2015 Fordeling av museumsplanmidlar 2015 på institusjon
- Kultur- og ressursutvalet sak 116/2015 Hardingfela.no
- Kultur- og ressursutvalet 128/2015 Samanslåing av stiftinga Dagestadmuseet og stiftinga Hardanger og Voss museum. Fråsegn frå Hordaland fylkeskommune
- Utval for Kultur, idrett- og regional utvikling sak 171/2015 Utgreiing om nye fellestenester for fotografi
- Utval for Kultur, idrett og regional utvikling sak 180/2015 Evaluering av museumsreforma
- Utval for Kultur, idrett og regional utvikling sak 181/2015 Samlingsplan for musea
- Fylkestinget sak 65/2015 Konsolidering stiftinga Bjørn West-museet og stiftinga Museum Vest.

Saker til politisk handsaming i samband med oppfølging av museumsplanen, stadfester at museumsplanmidlane setter i gong større prosessar.

Endringar i museumsfeltet relatert til museumsplanen

Det har skjedd fleire større endringar i museumsfeltet i løpet av planperioden som er direkte knytt til oppfølging av museumsplanen.

Samlingsforvalting

Ein har fått på plass *Samlingsplan for musea i Hordaland 2015-2020*. Planen skal bidra til effektiv samlingsforvalting gjennom at musea får eit tematisk ansvarsområde som sikrar Hordaland si eldre og nyare kulturhistorie. I tillegg skal det einiskilde museum har gode prosedyrar og prosessar knytt til samlingsforvalting.

Museumssenteret i Hordaland, avd. Bevaringstenestene, har hatt hovudansvar for koordinering og oppfølging av utgreiing med nytt fellesmagasin. Det er gjennomført viktig kartlegging av eksisterande magasintilhøve hjå dei konsoliderte musea. Bymuseet i Bergen har vore ein viktig bidragsytar i dette arbeidet. Det ligg føre rapport. I fylkestinget 8. mars 2016, PS 11/2016, vart det gjort følgjande vedtak: *Fylkestinget ser behovet for at arbeidet og prosess med nytt fellesmagasin vert drøfta og handsama i eiga sak i Utval for kultur, idrett og regional utvikling*. Rapport frå første fase i utgreiinga vert vedlegg i saka som kjem opp til politisk handsaming hausten 2016.

Etablering av Samlingsrådet er eit direkte resultat av arbeidet med samlingsplanen. Rådet skal koordinere arbeidet med innsamlingsplanar/prioriteringsplanar, og ein kan ta opp spørsmål knytt til private og offentlege samlingar. Samlingsrådet har gjennom museumsplanmidlar for 2016 (Fylkestinget, PS 11/2016) fått midlar til å løyse ad hoc-oppdrag knytt til dokumentasjon når bedrifter eller offentlege institusjonar opplev omstillingar. Dette er eit viktig verktøy i musea sitt samfunnsoppdrag.

Utviding av museumssektoren og fagleg samarbeid

Olav H. Hauge-senteret vart i 2014 ein del av dei konsoliderte musea i Hordaland. Det er no ti konsoliderte museum i fylket som museumssatsingane er retta inn mot. Ola H. Hauge-senteret har fått museumsplanmidlar til utgreiing av forvaltning av kunstnarheimar. Dette er eit prosjekt som vert definert og arbeida med saman med KODE - Kunstmuseene i Bergen, og er eit døme på korleis museumsplanmidlar bidrar til fagleg samarbeid på tvers av institusjonar. Arbeidet vil fortsetje i 2016.

Styrking av krigs- og okkupasjonshistoria

Temaet krigs-, okkupasjons- og forsvarshistorie er eit tiltak i planen. Museum Vest har ansvar for temaet og har fått museumsplanmidlar til å greie ut om organisering og innhald i Bjørn West-museet, samt utarbeida rapport om organisering/formidling med utgangspunkt i Espeland fangeleir. Denne er frå 2014 og må oppdaterast. Museum Vest har også gjennom internasjonalt samarbeid med institusjon i Hordaland fylkeskommune sin samarbeidsregion Basse-Normandie, løfta krigs- og okkupasjonshistoria slik at ein får nye perspektiv og betre formidling. I PS 65/2015 uttalte Fylkestinget seg positiv til ei konsolidering mellom Bjørn West-museet og Museum Vest. Midlar til konsolidering vart løyvd i Fylkestinget sak 11/2016 om fordeling av museumsplanmidlar for 2016.

Styrking av tematisk og regionalt ansvarsmuseum

Tre museum har status som tematisk ansvarsmuseum: Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum, Baroniet Rosendal og KODE-Kunstmuseene i Bergen. Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum har i rapport definert og sett på kva dette vil innebere og kva for tiltak ein vil arbeide vidare med. Baroniet Rosendal har nytta midlar til å løfte større utadretta satsingar i si verksemd. Arbeidet med felles samlingsplan har vist at det kanskje er innan forvaltning av kulturlandskap og hageanlegg at Baroniet Rosendal bør utarbeide felles prosjekt med andre museum i Hordaland. KODE er i prosess med Museumssenteret i Hordaland, avd. Bevaringstenestene, for å finne løysingar for konserveringstenester innan dei felte KODE forvaltar. Hordaland fylkeskommune vart orientert om prosessen i ein tidleg fase. KODE samarbeider med Olav H. Hauge-senteret om prosjekt om forvaltning av kunstnarheimar.

Fem museum har status som regionalt ansvarsmuseum: Sunnhordland museum, Hardanger- og Voss museum, Museum Vest, Bymuseet i Bergen og Museumssenteret i Hordaland. Ein stor del av musea i Hordaland vil gjennom planperioden framleis stå utanfor dei konsoliderte musea. Desse skal no kunne søkje rettleiing hjå regionale ansvarsmuseum. Med museumsplanmidlar er Sunnhordland museum sitt dokumentasjonsprosjekt om maritim industrihistorie i Sunnhordland og Museumssenteret i Hordaland si kartlegging av private samlingar i Nordhordland viktige grunnlagsarbeider i arbeidet med frivillige/samlingar. Begge rapportane er vedlegg i Samlingsplan for musea 2015-2020.

Arbeidet med styrking av tematisk og regionalt ansvarsmuseum er ført vidare i kulturplanen. Ein må då bygge direkte på det arbeidet, dei erfaringane og prosessane som er gjort i museumsplanperioden 2012-2015.

Utstillingar

Tiltak 40 i museumsplanen er prosjekttilskot til basisutstillingar. Om tiltaket stod det mellom anna dette i planen: *Det er eit generelt behov for å oppgradere basisutstillingane ved musea. For å møte dette behovet skal Hordaland fylkeskommune vurdere å opprette ein eigen budsjettpost til dette føremålet.* Dette er ikkje realisert. I Fylkestinget sak 23/2013 vart det gitt ei tilleggsøyving på 2 mill. kr til investeringsprosjekt til oppfølging av museumsplanen. I retningslinene for tilskotsordninga var det lagt vekt på utstillingsprosjekt som viste musea som samfunnsaktør. Av utstillingsprosjekta vil vi trekke fram *Brudd 2014*, eit samarbeidsprosjekt mellom Museum Vest og Bymuseet i Bergen. Utstillinga vart vist rundt Lille Lungegårdsvann våren 2014 med sterke historier frå enkeltmenneske. Utstillinga har seinare vore vist i Frankrike. Utstilling i eit byrom ga moglegheit for å nå ut til ei større publikumsgruppe, slik som skuleelevar frå dei vidaregåande skulane i området. Hordaland fylkeskommune ser at dette er ein særleg god måte for musea å nå ut til mange.

Fleire museum arbeider med planar for nye basisutstillingar. Det er ei stor utfordring for musea å få finansiert desse.

Utgreiingar og planarbeid

Med museumsplanmidlane er det gjennomført fleire større utgreiingsoppgåver: Prosjekt om Hardingfelesenter, forprosjekt om nytt museumsbygg Sunnhordland museum, plan og organisering for Senter for industriarkiv og industrihistorie i Odda, utgreiing og innhald i eit Sunnhordland Maritimt Museum, kartlegging av vedlikehalds- og investeringsbehov for museumsbygg gjennom prosjektet «Museumsløft», rapport om nytt fellesmagasin.

Større investeringar

Større investeringar som løyving på 1 650 000 kr til eit mobilt varmekammer for insektsanering av gjenstandar og viktige sikringstiltak (klima, brann, tjuveri), mellom anna i St. Jørgen, Agatunet, Bergens Sjøfartsmuseum og KODE.

Oppsummering

Gjennom museumsplanmidlane har musea fått moglegheit til å samarbeide om fellesprosjekt og felt som ein elles ikkje hadde hatt høve til. Tiltaka i planen er omfattande og mange har karakter av prosessar som ikkje lar seg måle på kort sikt. Føresetnader endrar seg, slik at utfordringar og oppgåver som vart skissert i planprosessen åra 2009-2011, kanskje ikkje er dei same som i 2012-2015. Eit døme her er konserveringstenester, kva behov den einskilde institusjon har, og såleis kva oppgåver og område som Bevaringstenestene skal ha i åra framover.

Det er naudsynt med ei styrking av datagrunnlaget for å kunne sjå utvikling over tid og synleggjere effekten av den regionale museumspolitikken. Kulturrådet si innhenting av årlege tal og det arbeidet Kultur- og idrettsavdelinga skal i gong med for kulturfeltet i Hordaland med omsyn til datainnsamling, vil gjere det mogleg på sikt å seie noko om verknadene av ein aktiv museumspolitikk.

Bruken av museumsplanmidlane 2012-2015 er eit veldig godt døme på korleis fellessatsingar styrkar det regionale museumsfeltet. Museumsplanmidlane er føresetnaden for å få til slike løft. Utval for Kultur, idrett og regional utvikling fekk på møte med musea i Bergen 13. april presentert «museumsløft», utvikling og utviding av Bevaringstenestene og arbeidet med nytt fellesmagasin. I tillegg vart nokre av satsingane og utfordringane til Bergens Sjøfartsmuseum og Bymuseet i Bergen lagt fram som døme på korleis ein arbeider i det einskilde museum.